

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Låten

Emne: Bordskikk til kvardags.

Bygdelag:

Oppskr. av: Aksel Andrusen

Gard:

(adresse): Adalsbruk

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Den tid det var mykje arbeidsfolk som hadde kosteren på gardane, vart det brukt langbord; på småvorne stader kunne det greidast seg med vanlege bord, og var heimen, retteleg bron, hadde dei ei skive som dei svinga ned frå veggjen og sat opp med nær dei tokk seg mat.

2. Mange minnest ennå dei ulike bordetringane på gardane: hørdagsbordet, handverksbordet, sjølvesbordet; ved det sistnemnde sat då alle som høyrde huslyden (familien) til. I våre dagar sit gjerne alle kostgjengere i huset samla, dersom husbondsfolket då ikkje er på utfar høyt levefot. I jordbruks- og industriarbeidarheimar har det nok aldri vore bruk for å skilja folk frå kvarandre soleis.

3. Nokon almenn regel kan ein ikkje seia upp; men på små og medels store gardar, der dei kan ha ein mannlæg og/eller ein kvinnelæg tenar, får dei seg jamt mat samstundes, og på kjøkenet.

4. Maten er den same åt alle nok til dags.

enten det er tale um bønder, embetsfolk eller funksjonæres med tenarhjelp.

5. På kjøkenet for huslyden ofte maten um det so finst meir enn eitt rom ved sida.

6. Det må då vera når det kjem gjester eller andre framandfolk, at husbondfolket gjer eit anna rom enn kjøkenet til matsal.

7. Frå gammalt sat husbonden ved tværenden av langbordet, karane på ein beuk ved veggen, og kvinnone på den fremme langsida. Slusmora kunne ein finne anten ved den andre tværenden eller øst på kvinnebenken nærast husbonden.

I våre dagar er det nok so åg at kvar ein har sine faste plassar. (Men, "køpeses plass" kan ein ikkje plent tala um lenger. Stj'a Johannes Skensby på Vestre Engslang har dei enno eit langbord på kjøkenet; men der sit ikkje husbonden (ein ungkar) på tværenden, kvartum sit han på kvinnebenken på framside av bordet.)

8. Det er ikkje upplyst at borna skulle stå ved bordet. Derimot var det skikk mange stader at borna skulle venka til vaksnefolk. Hadde gjort frå seg (Kari Skorsveen, f. 1857. Ho minnst elles frå Herstad i Romedal at proprietar Dreyer (ein innflyttar) sa eingong då det var spursmål um dette at då han var liten, laut han stå når han var med til bord, og at han ikkje fekk stol å sitja på før ein i konfirmasjonsalderen.)

B

9. Høgselket, både ringen og namnet, er stort sett gått or bruk. Sjå elles dømet i pkt 7.

10. Dersom ein kan tala um nokon heiders-

3.
glass no til dags, må det vera sofabanken (sofaen)
eller den beste armstolen.

11. Folk var ikkje so nøgje før med å vaske
hendene før dei gjekk til bords, og det går so-
gar um at jamvel mjølk-kjørerane kom til
hverdagsbordet i folkestugua som dei stod
i mjølk-kjellaren. Kva tid umskiftet i det
stykket er kome, er ikkje so godt å hugsa; men
ein mannsalder eller meir må det vera.

I dag ser ein f. d. at potetsetjarar og po-
tetplukkjarar vert rikelege vaskewasserfat
med handklee og såpe når dei skal inn
til målt.

Før kunne ein ofte sjå karar som sat
eller gjekk med lue på inne. Men skulle
dei til bords og kom utanifrå, kasta dei gjerne
lue på golvet attmed romet sitt, dersom
det ikkje var lettint å hengja ho på seg
på annan måte. Ein kan dei seja at
skikken med å sitja utan lue ved bordet
er eldre enn "manns minne".

12. Sams grautfat hugsar mange um dei
ikkje er so langt uppe i åra. Karl Morten-
sen, Adalsbruk, f. kring 1890, nemner det frå
gardar i Romedal som han har lent på. (Han
er no papirfabrikkerbeidar og har eit lite
småbruk attåt.) I hans tid (1909-19) gjikk
dei over frå å setja fram grautmjølka
i store bollar til å la kvar ein få ein
smindre kopp åt den, ein spelkum. Men
lenge før kunne det nok finnast stader
der dei hadde ballerkar åt mjølka, seje
Kari Skorsveen. So kunne dei som ville,
leggja grautstykkja ned i mjølka på
ballerken. Elles hugsar ho godt den tida

4

det vart framsett grøntfat med ein
mjølkkebolle til same bruk, ein på kvar
side av fatet.

Det er ulike skikker med å få i
seg grønten. Underkvone drikk beinast
av mjølkkekoppen attåt, andre i hus-
lydm slor mjølke på grøntballeken;
onen far (f. 1862) ville stōst ha spelkum
(utan hante), og drøppa grøntskeia i mjølke
der, eller drakk av spelkummen, etter
som det minke.

B. Kari Skovveien trur ikkje at drikk-
koppane ikk kvar ein kom med kaffi-
bruket. Kaffikoppar hadde dei i hennar
jyreste tid. Dei var vistnok av stein-
by.

B. Det laut vera reine fatigdomen der dei
var nøyede til å setja gryta beinast på
bordet.

A. Mor (f. 1858) har fortalt at ein gong
ho gjekk med mjølk til eit par husmannsfolk
(på Ringsaker), fekk ho sjå at dei sat og åt
gryta i peisen. Og dei ætte ikkje noko i
Røna mjølke i.

Fæfat, leirfat og steinbyfat kunne dei
ha maten i. Skeikjerna vart nok sett
på bordet skundom, og vert det enno. Til
underlag kan ein ha eit tresykke, ein ring
av samanbundne ståltrådsjiralar eller
likt.

Er framandfolk til stades, skal det
gjærne vera finare utdrukning enn til van-
leg. Set gjesten seg hardest nok imot at det vert
gjort bry for hans skuld, kan han kanskje slep-
pe med eit minstemål av umsvæivar. Kan-
hende jamvel panna på bordet vert ståande.

Flatbröd vart nytta til alle måltider, og alt som kunne koma á liggja mellom tvo brödstykke vart lagt der. Den tid dei greiddi seg utan flate tallerker, var det flatbrödt som måtte gjera teneste til underlag. Elles hadde dei særskilde sildfjölur, når det var spekesild. Dei vart berre skrepa, ikkje vaska eller rista. Á leggja flatbrödstykke ovanpå kvarandre med neko slag sugl (sövl) i mellom er kalla á lega buss (likeins som med lefse).

15. Á ha sukkerbiten i munnen og drikkja kaffien attåt, er heilt vanleg. Alt anna er unntak som er komin utanifrå.

16. I kvardagslaget er det ingen som tek nokis av at ein eller annan drikk kaffi av skåla. Men til selskapsbruk vert det ikkje rekna for god bordshikk.

17. Kari Skorneen brukte aldri gaffel i ungdomen, eller når ho sidan i eldre ár dreiv burte på baking og fekk maten tilsegboran til baksbefjola der ho stod. Um det so var kjøtt og flesh, nytta ho "femkle-gaffelen", sejer ho.

18. Vanlege knivar vart framlagde på bordt; men det kunne nok henda at ein eller annan som åtte ein lugom halekniv, kunne briva etter den.

19. Kvar hadde si skei. Namnet var ofte innskore i skaftet, og skeiene var lette á finna att kvar gang, for dei stod i ein skjestaill på veggen rett opp for der folk sat ved bordt. Det var mest berre treskeier; hornskeier var sjeldsynte, og

B

jernblekkskeier kom ikkje på ei god stund.
 A° vaske skeiene vert ein vane etter kvart
 som kjøkenreidshagen i det heile vart opp-
 vask.

H.

20. I 1918 var tretallerkar enno i bruk på
 Store-Skav, Ringsaker. Men overgangen til stein-
 bytallerkar kom venteleg vorovns då. Som
 for nemmt (pkt. 12) kom spelkurnar og djupe
 tallerkar til grant o. a. og løyste av dei same
 fata.

21. Bordduk til kvardagsbruk hjå det breide la-
 get av folket kan ein ikkje tale um, anten
 for eller no. Men sakte finst det unntak.

22. Voksdrukar ser ein mange av no til dags;
 men det er kanskje like mykje av kirkskura
 eller måla bord. I gamle dagar var det dei
 kirkskura borda som reidde grunnen i kvardags-
 laget. (Kari Skovsveen)

B.

23. Tingl (såvl) vert stött skift. Annan mat,
 h. d. flatbrød, vert det ikkje; derimot omvænt
 de ferdugjerd, det vert kalla i laga, mater.
 Elles heitte gjerringa a skifte. Um rekkje-
 fylgja høyrer ein like; men hadde folka farske
 glassar, kunne hevernora sakte laga grovsjo-
 nane etter det ho trykte kvar person burde
 ha.

24. Smør og ost vert skift. Sjå elles pkt 23.

25. Sjå pkt. 23.

26. Fra 5. årsalderen tek somme til a greida seg
 Ljelpeles; men mange går det seinare med.
 Noa er den næraste a nemna; men her kan
 det ikkje setjast opp nokon regel.

B.

27. Ein høyrer mykje um at mater vert
 foggan av småbarna for i tida. Kari Skov-
 sveen meiner at somme helst på mest opp

til skulealderen med å få „luggi“.

28. Lesing eller syngjing for ein går til bords, er ikkje vanleg. Stille lesnad kan det sakte vera. „I Jean namni“ har mange sagt inne i seg, både for og no. I einhilde heimer kan juledra la småbarna lesa bordbøn høgt; då gjer dei det som det er framandfolk til skades i. Men det er svært fåe dømme å finna på det.

29. For i tida må det ha vore strengt med bordskikken når det galdt å smu seg. For har fortalt at ein gong gamle Ola Nordhaga fekk seg mat heime hos han (i Uldreåsen, Ringsaker), kom det inn ein annan kar som berre stod litt ved døra for han gjekk ut att. „Hokken var detta?“ spurde Ola då mannen hadde gått. „Säg ikke du det?“ vart det svara. „Je kunne fullt ulla sjå det, je som sat og åt!“ meinte Ola.

A

Forbod mot å tale var det nok ikkje; men det tok seg ikkje godt ut dersom ungdommen blanda seg inn i samtalen åt dei som eldre var. — „Du får tåa med drø bygg!“ er eit kjent ordtak um dette.

30-31. Munnhullet „Må'nem visste ikke at kjerringa var galin for hu song me'a hu åt“ tyder på at det ikkje var rekna for særleg å gjera noko slikt.

32. Det finaste var nok å vente til allt var ferdige med maten; men i kvardagslaget vart det nok gjort unnsentak.

33. Det ymsar ikkje like med skikken å segja takk for maten. Rittmeister J. B. Mort- haff, 70 år og ungkar, fortel at hushaldaren hans undra seg fyrste gongen då han takka

B

hemme. Men, å lakke for maten he'je vori vaim til stött, segju han. Andre gjer det ikkje heime, men berre når det er folk utanum som står for maten.

34. Vendinger som "Signe maten" eller "Velbekomme" må ha vandra inn utanfrå i nyare tid. For ein mannsalder sidan høyrde ein ikkje at bygdefolk hadde nokor fast helsing um dei kom inn når heusens folk sat til bords.

35. Nokon regel um at det var god folkeskikk å beda kvensomhelst setja seg til bords når dei slumpe til å koma innum mist i måltida, har det ikkje vore. Var det kjensfolk, kunne derimot sake ställa seg noko annleis. "Kadd vi visst om deg -" eller "Kadd vi hatt no' likele å by på -" osv. kunne det heita då.

36. Det same galdt nok millom måla og. Det fekk vera kjende folk, dersom dei skulle få traktering. Understrivne har rødt etter på småferder i Heidmarksbyggdane dei siste åra ^{og færde ut} at det er sjeldan det er spørsmål um å verka innbedn på mat eller kaffi. Unnsatt er det likevel, og dei helst i åsbyggdane.

A.
B. 37. Kari Hørsveen nemmer Tolline Thord på Stav. Løtja til dme på at sinne hadde skikken med samframs traktering med seg heimanfrå. Tolline var frei Ringsaker.

38. Summe har kjelen på, andre ikkje.

39. Dei som ikkje er for mykje trellbündne under skikkane, kvier seg ikkje for å setja ein gjest på kjøkket. Å halda han med selskap - med eller utan bordflagskap - høyrer stöst med.

40. Den gamle nåidbedinga har minke mykje.

41. Sjå pkt 39.